



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Årsberetning 2025

for

Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141

Behandla av årsmøtet den 23. januar 2026



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Innleiing	3
Styret har i perioden hatt følgande samansetning:	4
Representantskap/fylkesmøte og Landsmøte	5
Representantskap:.....	5
Representantar til LO lokalt.	5
Valkomitéen	5
Revisorar	5
Kontorforhold.....	5
Tilsette	5
Økonomi	5
Kjellesvik	6
Beskriving av fagforeiningas organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalte fordelt på tariffområder.....	6
Medlemmer utan tariffavtale	6
Fagforeiningas klubborganisering hos ulike arbeidsgivar	6
Koordineringsledd.....	7
Medlemsutvikling	8
Møte aktivitet	8
Utval.....	9
Ungdomsutvalet	9
Pensjonistutvalet	9
Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial	9
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon	9
Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk	10
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst.....	10
Seksjonsstyren sitt arbeid i 2025	10
Ørvig utval i fagforeininga.....	10
Fagforeiningas aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt	10
Målsettingar og planer i perioden.....	11
Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar	11
Gode offentlege tenester med egne tilsetje.....	11
Organisasjonsbygging og tariffmakt	12
Fag- og teneste utvikling.....	13
Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg politisk påverknad.....	13
Digitalisering	14
Representasjon	16
Fylkeskretsen	16
Landsmøte	16
Andre utval	16
Kurs og konferansar	16
Fagforeiningas bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»	16



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Innleiing

2025 har vore nok eit spanande år der me hadde vårt første heile år utan lån på hyttene. Dette har igjen gjort at me kunne auka aktivitet med kurs og opplæring blant eigene tillitsvalte. Me har og kunne auka tilbod på medlems aktivitet der me kunne auke kor mange som kan vera med. For eksempel kan me ta medlemsturen der me har vært ca. 35 - 40 medlemmer på tur dei siste åra. Her med litt enkle grep og endring av tid for turen, så ble det 70 medlemmer som ble med i 2025 til vakre Skånevik.

For fagforeininga så gå mykje av tida til bygga vidare på å skape 1 fagforeining som me er nå. Det høyrast mindre og mindre av at dette gjorde me ikkje før. Me starta det nye året med at Fagforbundet Ulvik ble lagt ned 31.12.2024 og at medlemmer der ifrå ble over flytta til oss. Det merkes nok ute at me har blitt ei stor fagforeining, og ikkje er like til stede på dei forskjellige plassane som tidlegare, som ei mindre fagforeining kan være. Styret har sine møter rundt om i området aokans. Me har hatt styremøte i Jondal, Ulvik og Kinsarvik i tillegg til Odda.

Målet for 2026 er at me igjen kan vera meir synleg ute på lokal plan. Her sitter klubbtiltillsvalte med nøkkelen. Dei må få lov å ta sin plass ute på arbeidsplassane og få gjera det som er oppgåvene som er etter vedtekter for Fagforbundet.

I tillegg så har me utval for ung som kan skapa sosiale møte plassar for dei under 30 i 2026. Om me får dette på plass i 2026 kan me kan får fleire av dei yngre til å kunne engasjera seg i fagforeininga års kjem.

Det som er mest gledeleg i 2025 er at me her lokalt har snudd ei trend der me har fått mindre yrkesmakt dei siste åra. I 2025 så har me klart å få fleire yrkesaktive medlemmer og ut ifrå dette yrkesmakta aokans. Så der me står 1.1.2026 er betre en for 1 år sida. Me ser også at statistikkar viser at befolkninga i Noreg vil det auka blant dei som er over 65 år dei neste åra. Dette igjen vil at me må vera skjerpa i jobben vidare med å behalde yrkesmakta me har i dag.

Men totalt sett så ser me at aokans fagforeining har funne si plass, og arbeidet får dei neste åra kjem til å bli spennande. Me vil med dette for takke alle som går ut av verv for innsatsen ein har gitt til fellesskapet. I tillegg vil ønskja alle dei nye og dei som fortsett i verv i fagforeininga lykke til. **Saman blir me sterkare.**

Hilsen frå styret i Fagforbundet Indre Hardanger.



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Styret har i perioden hatt følgende samansetning:

Fagforeningsstyret	Namn	Godtgj.	Godtgj. møte	Frikjøp
Leiar	Bjarte Andre Eriksen	5 000	0	70
Nestleiar	Annlaug Brandstveit	16 000	4400	
Opplæringsansv.	Siv Merethe Digrebrekke	5 000	2000	
Kasserar	Turid Meland Lutro	20 000	2400	
Helse og Sosial	Gry Lundal	5 000	2000	
Kyrkje, Kultur og Oppvekst	Bjarte Andre Eriksen	5 000	0	
Samferdsel og Teknisk	Magnus Innvær	5 000	2800	
Kontor og Administrasjon	Bjørge Skogasel	5 000	2400	
Ung	Stine Reime	5 000	2400	
Pensjonist og Ufør	Kjellaug Kvandal Ystanes	5 000	2000	
Styremedlem	Anne Kari Rasmussen		3600	
Styremedlem	Suzana Heisler		2000	
Vara Styre	Marit Andreasson			
Vara Styre	Ellen Fjæra			
Vara Helse og Sosial	Judie Ann C Sorolla			
Vara Samferdsel og Teknisk				
Vara Kyrkje, Kultur og Oppvekst	Christian Hauge		1600	
Vara Kontor og Administrasjon				
Ung	Ayat Al-Gebebwaw			
Vara Pensjonist og ufør	Bodil Skjerven		800	
Fane 2 ansvarleg	Claudia Saathoff	35 000		
HTV Odda Sjukehus	Linda Pedersen		800	

Kjellesvik

Leiar	Rannveig Mannsåker	5 000	2400	
Medlem	Kjetil Vatnedal	1 000	2400	
Medlem	Håvard Haugen	1 000	2400	
Medlem	Annette Horne	1 000	2400	
Medlem	Einar Opedal	1 000	2400	
Medlem	Hallvar Kjørvi	1 000	2400	

Fagforeiningas hovudtillitsvalte frikjøp i 2025:

Verv	Namn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
Ullensvang	Ranveig Mannsåker	100	KS
Ullensvang	Christian Hauge	100	KS
Ullensvang	Ellen Fjæra	50	KS
Ulvik	Annlaug Brandstveit	30	KS
Eidfjord	Bjarte Andre Eriksen	30	KS
Odda Sjukehus	Linda Pedersen	10	Spekter



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Representantskap/fylkesmøte og Landsmøte

Representantskap:

Til Fagforbundet Vestland sitt Representantskap/fylkesmøte har fagforeininga hatt følgande representantar:

- Bjarte Andre Eriksen (Vår og haust)
- Magnus Innvær (Vår)
- Stine Reime (Vår)
- Bjørg Skogasel (Vår)
- Suzana Heisler (Haust)
- Kjellaug Kvandal Ystanes (Haust)
- Judie Ann C Sorolla (Haust)

Representantar til LO lokalt.

- Bjarte Andre Eriksen
- Suzana Heisler

Valkomitéen

Leder (Ulvik)	Annlaug Brandstveit
Pensjonistrepresentant (Odda)	Dagfrid Nilsen
Medlemmer	Siv Merethe Digrebekke
Ungdomsrepresentant (Eidfjord)	Ayat Al-Gebebawy
(Jondal)	Gry Lundal
(Fjorden)	Grete Hamre Kråkevik

Revisorar

Til å revidere fagforeiningas rekneskap, har det vært følgande revisorar og vara:

Leiar	Olaug Prestegård Opedal
	*Liss Pernille Fjæra
Vara	May Britt Varberg

* Meldte seg ut ifrå Fagforbundet og gjekk då ut som revisor i løpet av 2025.

Kontorforhold

Fagforbundet Indre Hardanger leiger kontor og delt møtelokale i LO Huset i Odda.

Tilsette

Fagforeininga har ikkje egne tilsette. Men har frikjøpt leiar i inntil 70%

Økonomi

Fagforeininga har ein god økonomi. Det grepet me gjorde før nyttår 2024 med å nedbetale heile lånet som me hadde ifm. Kjellesvik Hyttane har innfridd forventningane me hadde til åra framover allereie i 2025. Kjellesvik kan nå være sjølvfinansierende og ein kan få bygga opp ei buffer til vedlikehald og investeringar.

Bankinnskot 31.12.2024	Bankinnskot 31.12.2025	Eigenkapital 31.12.2024	Eigenkapital 31.12.2025	Verdi av fast eigendom (
516 900,-	630 014,-	13 821 359,-	13 965 643,-	13 268 858,-

Angående budsjett og rekneskap vises det til egen sak i årsmøtet.



Kjellesvik

Årsmelding for Kjellesvik – 2025:

Kjellesvik hytter 5 hytter som ligger ved Ølen. Verdi kr 13 272 728,-

Styremøte:

Det har i løpet av året vore avhalde seks styremøte.

Økonomi:

2025 var det første året utan lån og utan økonomisk støtte frå fagforeininga til eigne hytter.

Styret vurderer drifta som god. Det har vore tilfredsstillande utleieaktivitet, og økonomien har vore solid med midlar til å dekke fortløpande driftsutgifter og forfallande kostnader.

Medlemsaktivitet:

Det er gledeleg å sjå at mange medlemmar og familiar nyttar plassen og kjem tilbake år etter år. Styret har òg arbeidd for å gjere hyttene meir kjende for fleire.

Dugnadsarbeid:

Det har vore gjennomført to dugnader, ein om våren og ein om hausten. I tillegg har styremedlemmar og andre medlemmar utført arbeid ved behov. Arbeidet har omfatta:

- Ned vask av hytter
- Montering av ny bolt på båtfeste
- Montering av ny wire på kjettingtalje i nøstet
- Reparasjon av gjerde
- Demontering av foreldra leikestativ
- Kløyving av ved og anna forfallande arbeid

Styret takkar alle som har bidrege og ønskjer fleire velkomne til komande dugnader.

Utfordringar og tiltak:

Eit båtvrak blei etterlate etter leige i sommar, og det har vore nødvendig med arbeid for å få dette fjerna. Det er montert nytt filter på vassforsyninga, men vi har opplevd utfordringar med at vatnet forsvinn. Firma er kontakta for å finne årsaka og gje pris på utbetring. Dette må ordnast for å sikre stabil vassforsyning til hyttene.

Utleige og investeringar:

Tre hytter er utleige i vinter, og det er opna for døgnleige i hytte nr. 1 og 6. Det er kjøpt ein ny båt i 2025 som blei løyvd sum til på årsmøte i fjor.

Beskriving av fagforeiningas organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalte fordelt på tariffområder

Fagforeninga har per 31.12.2025 medlemmer innenfor følgende tariffområder:

Tariffområde	Antall medlemmer
KS	831
Spekter helse	45
Virke	11
KA	3
Staten	3
Uorganisert arbeidsgivar – med inngått direkteavtale	4

Medlemmer utan tariffavtale

Fagforeninga har per 31.12.2025 medlemmer hos følgende arbeidsgivar utan tariffavtale:

Rapporten tas ut på kode AG-R 9012

Arbeidsgivar	Antall medlemmer
ISS Norge AS avd. reinhald	1

Fagforeiningas klubborganisering hos ulike arbeidsgivar (jfr. vedtektenes § 11.7).



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Arbeidsgivar	Tariffområde	Namn på klubbleiar (tillitsvalt etter hovudavtalen)	Klubb- styre (JA/NEI)	Om NEI, kva er grunnen til dette?
Ullensvang Kommune	KS 300	Rannveig Mannsåker	Ja	
Eidfjord Kommune	KS 300	Bjarte Andre Eriksen	Ja	
Ulvik Herad	KS 300	Annlaug Brandstveit	Ja	
Vestland Fylkeskommune	KS 300		Ja	
Lindum AS	KS 1701		Nei	Ikkje grunnlag
Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd	KA 027		Nei	Ikkje grunnlag
Eidfjord Sokneråd	KA 027		Nei	Ikkje grunnlag
Ulvik Sokn	KA 027		Nei	Ikkje grunnlag
Helse Fonna HF	Spekter 100	Linda Pedersen	Ja	
Apotek 1 Gruppen AS	Virke 018		Nei	Ikkje grunnlag
Kraftmuseet	Virke 029		Nei	Sjekke opp grunnlag i 2026
Stiftinga Hardanger og Voss Museum	Virke 029		Nei	Ikkje grunnlag
LO – Landsorgansjonen	Trekker-utan tariffavtale - 500		Nei	Ikkje grunnlag
Rødne Ambulanse	Trekker-utan tariffavtale - 500		Nei	Ikkje grunnlag

Koordineringsledd

Fagforeininga er delta i koordineringsleddet får Helse Fonna, Vestland Fylkeskommune og Stiftinga Hardanger og Voss museum.

**Medlemsutvikling**

Fagforeiningas verve mål:		Fagforeiningas verve mål for yrkesaktive:			
Verve mål totalt:	Mål oppnåeleg:	Verve mål yrkesaktiv:	Mål oppnåeleg:		
75	82	65	75		
Medlemstal totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
1533	1539	801*	898		
Antall yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Antall pensjonistmedlemmer			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
95*	118	559*	578		
Studentar:		Lærlingar:		Elever:	
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25
9*	13	21*	32	3*	11
Antall yrkesaktive medlemmer KS			Antall yrkesaktive medlemmer Spekter		
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25
790*	831	42*		45	

*Tall for 01.01.25 er utan tall frå Ulvik

Det har i 2025 vært jobba bra med verving som igjen viser seg i at me klarte verve målet med god margin.

I forbindelse med fagforbundesveka som me utvida til fleire veker, ble det plassbesøk rundt om i aokans område. Dette ble tatt i samarbeid med valkampen der budskapet var å be nytta stemmerett.

Me hadde i tillegg ei vervekampanje i august – september der me hadde vervepremie på 2 gåvekort á kr 2000,-. Eine var til den som verva flest mens den andre vart trukka blant alle som hadde verva. Dette vart ei vellykka kampanje som me vil anbefala om å ta opp igjen 2 gongar per år.

Medlemmar som vil melda seg ut prøvar me å ta kontakt for evt. høyra får grunna til utmelding og om me kan gjera noko får å behald dei som medlem.

Møte aktivitet

Årsmøtet vart halda 23.01.2025 på Odda VGS Gymnasbygninga i Odda og handsama fylgjande saker:

- Godkjenning av kunngjeringa og innkalling
- Årsmelding
- Rekneskap
- Innkomne framlegg



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

- Handlings og aktivitetsplan
- Budsjet
- Val

Det har vært 4 medlemsmøtet der tariff har vært hovudtemaet

Det har vært 9 styremøte.
Styret har behandla 78 saker.

Andre møter /samlingar i fagforeiningas regi:
Styreseminar får styre, seksjonar og utval med hovudtillitsvalt på Voss

Sosiale aktivitetar:

- Joletefest ca. 50 born
- Trekning av påskeegg til påske og jolesokkar til jol
- Medlemstur til Skånevik med 70 medlemmer
- Komle middagar i Jondal, Kinsarvik, Odda og Ulvik med totalt 190 påmeldte

Utval

Ungdomsutvalet

Leiar:	Stine Reime	Odda
Nestleiar:	Ayat Al-Gebenawy	Eidfjord

Leiar deltok saman med leiar i fagforeininga på info møte med ungdomsutvalet på fylke i mars.

Pensjonistutvalet

Leiar:	Kjellaug Kvandal Ystanes	Fjorden
Nestleiar:	Bodil Skjerven	Odda
Medlem:	Elsa Garatun	Eidfjord
	Helga Øvsthus	Jondal
	Målfrid Hjeltne	Ulvik

Det er har vært 1 møte i tillegg kontakt på meldingar og e-post.

Det har ikkje vært medlemsmøte dette året då mykje av dette har vært i pensjonistforbunda sine samlingar.

Medlemstur ble saman med Pensjonistforbundet i Kinsarvik. Her ble det ei dagstur til Bergen og vidare på fjordcruise på Mostrumen til Mo. Det var totalt 26 personar på turen.

Leiar har deltatt på leiarkonferansen i Bergen.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial

Leiar (konstituert):	Gry Lundal	Jondal
Nestleiar (konstituert):	Judie Ann Sorolla	Ulvik
Medlem:	Camilla Erdal Hjeltne	Eidfjord

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon

Leiar:	Björg Skogasel	Odda
Nestleiar:	Claudia Saathoff	Ulvik
Medlem:	Jennifer Solberg	Eidfjord



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Leiar:	Magnus Innvær	Eidfjord
Nestleiar:		
Medlem:	Camilla Hole Svenes	Ulvik

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst

Leiar:	Bjarte Andre Eriksen	Eidfjord
Nestleiar:	Christian Hauge	Odda

Seksjonsstyren sitt arbeid i 2025

Seksjonane har eit preg der styret ikkje heilt er operative då dei manglar ressursar til å fungere som seksjonstyrar. Dette gjenspeilar og kvar som blir gjort i løpet av året.

Det som blir prioritert er å vidare sende ut informasjon om kurs og seminarer som kjem ifrå fylke og sentralt.

I tillegg så prøver ein å stille på seksjonssamlingar på fylke.

Ørvig utval i fagforeininga

AU – arbeidsutvalet

Leiar:	Bjarte Andre Eriksen
Nestleiar:	Annlaug Brandstveit
Kasserar:	Turid Meland Lutro
Styremedlem:	Anne Kari Rasmussen

Fagforeiningas aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt

Det å få plasstillitsvalte på alle arbeidsplassar er veldig viktig for å få organisasjonen til å fungere på best mogleg måte. Dette er eit stort satsingsområde i fagforeininga, saman med intern og ekstern opplæring av plasstillitsvalde.

I 2025 har me fått på plass fleire nye plasstillitsvalde her har me fått dei inn i tillitsvalt opplæringa fortløpande. Etter slepet av opplæring av tillitsvalte har me fortsett nokon igjen. Dette vil forenkle å hente inn dette nå i 2026 då ein ikkje blir invitert men innkalla til kurs. Det har blitt gjennomført fleire Trinn 3 kurs i 2025 her har me fått gjennom 19 stk på trinn 3 kurs



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Målsettingar og planer i perioden

Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar

Tiltak

Krevja at stillingar som hovudregel lysast ut som heile stillingar.

Fagforeiningas målsetting:

- Sjå til at tillitsvalde er med i utforminga av stillingsutlysingar.
- Vise til AML §14-1 b, og fylgje opp denne overfor arbeidsgjevar.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Gjennomføra drøftingsmøte minst ein gong per år når det gjeld bruk av deltid og utarbeiding av retningslinjer.

Fagforeiningas målsetting

- Gje god opplæring til plasstillitsvalde om kva rettar tilsette har etter hovudavtalen i sitt tariffområde. Vise til AML kap. 14.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Fremja krav etter arbeidsmiljølova kapittel 14 for alle som har rettmessige krav etter lovverket.

Fagforeiningas målsetting

- Gje god opplæring til plasstillitsvalde om kva rettar tilsette har etter AML §14. T.d. gjennom arbeidsplassbesøk, medlemsmøte, samarbeidsmøte med arbeidsgjevar, og kampanjar på sosiale media.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Førebu tillitsvalde på å gjennomføra lokale forhandlingar med sikte på å oppnå likeløn og utjamna lønsskilnadar.

Fagforeiningas målsetting

- Syta for opplæring av forhandlingsutvalet og tillitsvalde lokalt med fokus på forhandlingar
- Syta for å behalda KLP som pensjonsleverandør i KS og Spekter.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Gode offentlege tenester med egne tilsette

Tiltak

Krevja at arbeidsgjevar kartlegg konsekvensar av å ikkje ha tenester i eigen regi, mellom anna i samband med nye anbudsrundar, og at arbeidsgjevar sikrar dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår ved eventuelle konkurranseutsetjing.

Fagforeiningas målsetting



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

- Tillitsvalde skal i samarbeidsutval drøftingsmøte og andre relevante fora, fremja at offentlege tenester skal vera i kommunal regi.
- Arbeida fram gode argument for drift med eigne tilsette, saman med yrkesseksjonane.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Kartleggja kva tenester som er konkurranseutsett, kva tenester som vert kjøpt inn og bruken av vikarbyrå for å krevja med eigne tilsette.

Fagforeiningas målsetting

- Nytt «leverandørdatabasen» frå kommunal rapport, og verktøy frå forbundsregionen til dette arbeidet.
- Få oversikt frå arbeidsgjevar når det gjeld bruk av vikarbyrå og kjøp av tenester.
- Formidla yrkesfagleg argumentasjon for å drifta tenester med eigne tilsette, og sikra samarbeid mellom valde etter hovudavtalen og valde etter vedtektene.
- Motverka konkurranseutsetjing og privatisering gjennom aktivt fagleg politisk samarbeid.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Tiltak mot sosial dumping og arbeidskriminalitet.

Fagforeiningas målsetting

- Samarbeida med og støtte andre LO-forbund i dette arbeidet.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Ikkje aktuelt i 2025

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Tiltak

Kartleggja vervepotensial på alle tariffområde, og lage ein plan for styrka forbundet sin posisjon på arbeidsplassane.

Fagforeiningas målsetting

- Arbeidsplassbesøk i løpet av året, nytta forbundsvekene og involvera klubbtilitsvalde.
- Nytt alternative metodar for å nå medlemar utan om arbeidsplassen, gjennom digital kommunikasjon, KTV-samlingar, ny KLAR-plattform, fagforbundet.no og tillitsvaldopplæring.
- Etablera og aktivisera klubbstyre på fleire arbeidsplassar, og syta for alle medlemene har ein synleg tillitsvald etter gjeldande hovudavtale.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Verva medlemmer frå universitet og høgskuler.

Fagforeiningas målsetting



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

- Yrkesseksjon Kontor- og Administrasjon kartlegg korleis fagforeininga kan verva og ta vare på medlemmer med høgare akademisk utdanning.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Gjennomføra regelmessig aktivitet på vidaregåande skule, i samarbeid med forbundsregionen.

Fagforeiningas målsetting

- Ha stand på vidaregåande skule.
- Ha stand på yrkesvals messe for ungdoms og vidaregåande skule.
- Delte i undervisning om fagorganisering i samfunnsfagtimar på vidaregåande skule

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Delvis ikkje aktuelt. Messe er i januar 2026

Fag- og teneste utvikling

Tiltak

Styrke samhandling mellom yrkesseksjonane og tillitsvalde valde etter hovudavtalane.

Fagforeiningas målsetting

- Gjennomføra møte mellom seksjonane og HTV ved behov.
- Leiar skal saman med styret delegere arbeidsoppgåver til Yrkesseksjonsleiarane.
- Etablere kontakt mellom yrke seksjonsleiarane og plasstillitsvalde.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Ha Har ein jobb å gjera.

Tiltak

Sørge for at tillitsvalde etter hovudavtalane etterspør yrkesfaglege argument frå yrkesseksjonane og dei plasstillitsvalde.

Fagforeiningas målsetting

- Gjennomføra regelmessige møter mellom tillitsvalde og yrkesseksjonane og etablere samarbeidsmetodar.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Har ein jobb å gjera.

Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg politisk påverknad

Tiltak

Arbeida kontinuerleg med fagleg-politisk arbeid og inngå samarbeidsavtalar.

Fagforeiningas målsetting

- Inngå samarbeid med fleire parti på venstresida.
- Sende høyringssvar på saker som skal opp til politisk handsaming.
- Bygga kunnskap og alliansar for klima- og miljøsa nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med partia som deler Fagforbundets sin ideologi og sine verdiar.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Påverka partiprogram for å sikra størst mogleg gjennomslag for Fagforbundet sine kjernesaker.

Fagforeiningas målsetting

- Kontakta partia på venstresida og gje innspel på Fagforbundet sine kjernesaker.
- Kontakta partia på høgresida for å fremja Fagforbundet sine politiske standpunkt for å kunne påverka i aktuelle enkeltsaker.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Delta aktivt i valkampen med tydeleg utfordring til politikarar.

Fagforeiningas målsetting

- Delta aktivt i ulike fora og arrangement og stille spørsmål og krav til politikarar om våre kjernesaker.
- Arbeidsplassbesøk saman med politikarar, bruka sosiale media med oppmoding om å bruka stemmeretten.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Digitalisering

Tiltak

Sørgje for opplæring og kompetanseheving frå arbeidsgjevar

Fagforeiningas målsetting

- Tillitsvalde skal syta for at arbeidsgjevar gjev tilstrekkeleg opplæring i digitale verktøy, personvern og sikkerheit.
- Tillitsvalde skal syta for at arbeidsgjevar legg til rette for at arbeidstakar har tilgang på digital verktøy for å kunne utføre oppgåvene på best mogleg måte.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Sørgje for medverknad og samarbeid

Fagforeiningas målsetting

- HTV skal sjå til at arbeidsgjevar legg til rette for medverknad ved anskaffing av digitale løysningar
- HTV skal følgje opp arbeidstakarar som vert råka av eventuelle omorganiseringsprosessar innan IT/IT-sikkerheit.

Konkretisering av tiltaket.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd

Tiltak

Digital opplæring for tillitsvalde

Fagforeiningas målsetting



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

- Opplæringsansvarleg/styret skal sørge for tilstrekkeleg digital opplæring for at tillitsvalde skal kunne utføre vervet på best mogleg måte.
- Tillitsvalde skal få tilgang på opplæring i ny plattform for tillitsvalde/klubbstyret – KL*AR
- Lokallaget skal komme i gong med ORG365 i løpet av 2025.

Beskriving av i kva grad målet er nådd: Oppnådd



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmer i:

Fylkeskretsen

- Medlem i Fylkesstyre: Annlaug Brandstveit
- Vara til Pensjonist og uføre: Kjellaug Kvandal Ystanes
- Valnemnd: Bjarte Andre Eriksen

Landsmøte

- Annlaug Brandstveit (Fylkesstyre)
- Bjarte Andre Eriksen (Valt på Representantskapsmøte)

Andre utval

- Fagråd hos Fagskulen Vestland: Robin Fauskanger Molven

Fagleg/politisk utval

Har fagforeininga samarbeidsavtale med AP?	Om ja, sett inn ja	Om nei, beskriv kvifor ikkje	Kva skal til for å få dette til?
Ullensvang AP	Ja		
Eidfjord AP	Nei	Blir prioritert i 2026	
Ulvik AP	Nei	Blir prioritert i 2026	

Har fagforeininga inngått avtale med andre politiske parti?	Om ja, sett inn kva politiske parti.		
Raudt Ullensvang	Ja		

Kurs og konferansar

Type kurs:	Antall kurs med deltaking frå oss	Antall TV gjennomført
Trinn 3	4	19
Trinn 4	0	0
Trinn 5	1	1
Turnuskurs	3	6
Alternativ arbeidstidskurs	1	1
Fane 2	1	2

Andre kurs og konferansar

Type kurs	Antall deltakara
Valkamp ansvarleg	1
Samling nye tv	1
Samling HTV KS	4

Me har fått 1 instruktør/veileiar til Trinn 3 kurs i løpet av året. Og dette er Bjarte Andre Eriksen. Slik at me stillar sterkare til å kunne ha fleire kurs i åra som kjem.

Fagforeiningas bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»

Fagforeininga søkte om midlar til organisatorisk frikjøp/«spleiselag» i 2025.

Dette er brukt til å frikjøp av tillitsvalte får å kunne delta på møter og samlingar, samt arbeidsplassbesøk.



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Fagforeiningsstyret 2025

Odda 23.01.2026

Bjarte André Eriksen
Fagforeiningsleder

Annlaug Brandstveit
Nestleiar

Turid Meland Lutro
Kasserar

Siv Merethe Digrebrekke
Opplæringsansvarleg

Gry Lunder
Leiar yrkesseksjon helse og sosial

Bjarte André Eriksen
Leiar yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst

Magnus Innvær
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Bjerg Skogasæl
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon

Stine Reime
Ungdomstillitsvalt

Kjellaug Kvandal Ystanes
Pensjonistillitsvalt

Anne Kari Rasmussen
Styremedlem

Suzana Heisler
Styremedlem